

Vedtekter for Fykkesund Landskapspark

Sist endra på ordinært årsmøte 14. februar 2008.

§1 Navn

Laget sitt navn er Fykkesund Landskapspark.

§2 Føremål

Laget skal leggje til rette for auka bruk av Fykkesundet og landskapet rundt, på ein slik måte at natur, kultur og landskap vert teke vare på, og slik at næringsdrivande, grunneigarane og lokalbefolkninga opplever det som positivt.

§3 Virketid

Laget skal virka fram til ein ny og varig organisasjon vert etablert innan utgangen av 2009. Den nye organisasjonen skal vera bygd på Fykkesund landskapspark sitt verdigrunnlag og føremål.

§4 Arbeidsområde og hovedoppgåver

1. Leggja til rette for at eksisterande og nye næringsverksemdar innafor Fykkesund landskapspark kan:

- oppretthalda og vidareutvikla ei lønsam drift der natur, miljø, kultur, landbruk og landskap er viktig bærebjelkar
- utvikla nye produkt med kvalitet og særpreg.
- oppnå positive effektar ved samarbeid om produktutvikling marknadsføring og sal

2. Utvikla og etablera eit turnett på og langs Fykkesundet i geoturismens ånd.

3. Aktivt arbeida for å forankra tekniske anlegg, private planframlegg og infrastruktur i kommunale planar.

4. Marknadsføra landskapsparken og dei produkta som fell innunder denne.

5. Byggje opp og halda ved like nettverket mot den offentlege forvaltninga, forskingsmiljøa og andre landskapsparkar.

§5 Medlemer

Det er frivillig medlemskap for lokalbefolkninga, grunneigarar og næringsdrivande i området som er interessert i prosjektet. Alle kan bidra med idear for å fremja føremål, arbeidsoppgåver og framdrift. Medlemskontingent i Fykkesund Landskapspark er kr. 100,- pr. år.

§6 Årsmøte

Årsmøte er laget sitt øvste organ. Alle medlemene har stemmerett og alle er valgbare til tillitsverv i Fykkesund Landskapspark. Årsmøte vel styre, revisor og valnemd, og godkjenner regnskap, årsmelding, handlingsplan og budsjett. Styret bør ha jamn geografisk fordeling.

§7 Ekstraordinært årsmøte

Styret kan kalla inn til ekstraordinært årsmøte. Styret pliktar å kalla inn til ekstraordinært årsmøte dersom ¼ av medlemmene krev dette.

§8 Styret

Styret består av fem medlemmer som konstituerer seg sjølve med leiar og kasserar. Styret er laget sitt øvste organ mellom årsmøta, og skal leia laget i samsvar med foreininga sin føremålsparagraf, vedtekter og arbeidsprogram. Styret har det overordna ansvaret for drifta. Alle prinsipielle, viktige saker skal behandlast av styret med mindre dei skal leggjast fram for årsmøtet. Styreleiar vert vald for eit år, styremedlemene vert valde for to år. To vararepresentantar vert valde for eit år.

§9 Økonomi

Fykkesund Landskapspark har fått offentlege midlar i for å arbeida med dei nemde oppgåvene. Styret og den daglige leiinga jobbar for å skaffa prosjektfinansiering til dei ulike prosjekta som vert sett i gang. Dei næringsdrivande deltek i finansieringa av marknadsførings- og salsfremjande tiltak.

§10 Signatur

Dagleg leiar og styreleiar kan signere kvar for seg for Fykkesund Landskapspark. 2 styremedlemer saman kan og signere for Fykkesund Landskapspark.

§11 Vedtektsendring

Endringar i desse vedtektene kan gjerast med 2/3 fleirtal av årsmøte.

§12 Oppløysing

Laget vert oppløyst når ein ny og varig organisasjon vert etablert.